



Seglingsprogram

1. Reglar


- 1.1 Regattaen er underlagt kappseglingensreglane slik dei er definert i ISAF's kappseglingensreglar 2013-2016 (RRS) med Nordic Sailing Federation (tidlegare Skandinavisk Seilforbund) sitt tillegg.
- 1.2 Norges Seilforbunds lisensreglar.
- 1.3 Aktuelle klassereglar for dei deltakande klassar.
- 1.4 Aktuelle klassar sine rankingreglar.
- 1.5 Seglingsprogrammet for RAN Eintype Regatta.

2. Meldingar til deltakarane

- 2.1 Meldingar til deltakarane vert slått opp på den offisielle oppslagstavla på Klubbhuset ved steinamfiet og på regattaen sine nettsider - <http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=1833>.
- 2.2 Rormannsmøtet er ein del av programmet som startar fredag kveld kl. 2000 i Klubbhuset.
- 2.3 Ver merksam på at laurdag foregår det eit konfirmasjonsarrangement oppe i Klubbhuset i tidsrommet 12-18. Vis omsyn til dette.

3 Endringar i seglingsprogrammet

- 3.1 Eventuelle endringar i seglingsprogrammet vert kunngjort seinast klokka 09.00 same dag

som dei trer i kraft. Dette vert signalisert med signalflagg V  på flaggstonga på Klubbhuset i Anglevik. Utskrift av endringane kan då hentast på regattakontoret.


- 3.2 Eventuell endring i tidsprogrammet for kappseglasane vert kunngjort seinast klokka 20.00 dagen før endringa trer i kraft.


4. Tryggleik, ansvar og forsikring

- 4.1 Regattaen er underlagt tryggleikskategori 6.
- 4.2 Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.
- 4.3 Skipper på kvar enkelt båt har åleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje, jamfør regel 4.
- 4.4 Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.
- 4.5 Kvar deltakande båt skal vera forsikra med gyldig ansvarsforsikring.

5. Signaler på land

- 5.1 Signal på land vert vist på flaggstonga ved Klubbhuset i Anglevik.

5.2 Når flagg AP  vert vist på land skal «1 minutt» erstattast med «ikkje mindre enn 60 minutt» i seglassignalet AP.

5.3 Når flagg Y  vert vist på land gjeld regel 40 heile tida medan båtane er på vatnet og ikkje er fortøyde. Dette endrar innleiinga til Del 4.

6. Tidsprogram for seglasane



Laurdag 19. september

6.1 Fyrste varselsignal vert gitt kl. 10.00.

6.2 Det vert segla inntil 6 løp.

6.3 For å påkalla båtane si merksemd kan startbåten gje tre korte lydsignal 10-15 sekund før varselsignalet for fyrste klasse.

6.4 Ran Seilforening sitt klubbmesterskap for T/H skal starta frå same startlinja. Starten går i utgangspunktet laurdag klokka 12.00 med separat startprosedyre og vil truleg skje mellom

eintypebåtane sine løp nr. 2 og 3. T/H-båtane har klasseflagg T   og vil få melding på VHF dersom starten deira må utsetjast. Løpet for T/H går utanfor eintypebanen og dei har målgang ved Ran Seiforening si hamn.

6.5 Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 16.00.

6.6 Det vert servert suppe i naustet ved innkomst.

Sundag 20. september

6.7 Fyrste varselsignal vert gitt kl. 10.00.


6.8 Det vert segla inntil 4 løp.

6.9 For å påkalla båtane si merksemd kan startbåten gje tre korte lydsignal 10-15 sekund før varselsignalet for fyrste klasse.

6.10 Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 14.30.

6.6 Det vert servert suppe ved innkomst.

7. Baneområder



Utsnitt frå sjøkart 23

RanSeilforening

7.1 Kartet viser baneområde 1-3. Dersom tilhøva tilseier det kan banen bli plassert utanfor desse





områda. Startbåt markerer i så fall dette med signalflegg L

7.2 Ver merksam på at det laurdag 19. september går føre seg fleire andre seglarrangement i regi av Ran Seilforening i det same området. Vis omsyn til andre seglarar!

NB! Vis varsemnd for skipstrafikken ved kryssing av skipsleia!

8. Startrekkefylgje og klasseflagg

Klasse	Start nr.	Klasseflagg
2,4 M	1	D 
Yngling	2	E 

9. Banetype og løpsskildring

9.1 Banen er vist i vedlegg A.

10. Merker

10.1 Alle bøyer er raude kuleforma bøyer Ø 0,7 m.

11. Starten

11.1 Starten skjer i samsvar med regel 26.

11.2 Startlinja er som vist i vedlegg A.

11.3 Båtar som ikkje har fått varselssignal skal halda seg borte frå startområdet under startprosedyren for andre klassar.

11.4 Båtar som startar seinare enn 4 minuttar etter sitt startsignal vil bli scoret DNS utan høyring. Dette endrar regel A4.



11.5 Dersom flagg U har vore nytta som klarsignal skal ingen del av ein båt sitt skrog, mannskap eller utstyr vera i trekantområdet som vert danna av endane av startlinja og fyrste merke i løpet under det siste minuttet før startsignalet til båten. Dersom ein båt bryt denne regelen og vert identifisert, skal han diskvalifiserast utan høyring, men ikkje dersom seglasen vert starta på nytt eller vert segla om att eller vert utsett eller annullert før startsignalet. Dette endrar regel 26.

12. Endring av neste legg i løpet

12.1 Endring av neste legg av løpet vil skje i samsvar med regel 33.

13. Mål

13.1 Mållinja er som vist i vedlegg A.

13.2 Alle båtar skal visa seglnr. tydeleg til målbåten så snart som råd etter målgang.

14. Straffesystem

14.1 Regel 44.1 gjeld.

15. Maksimaltid

15.1 Maksimaltid for kvar seglas er 75 minutt for fyrste båt i kvar klasse.

15.2 Båtar som ikkje fullfører innan 20 minutt etter den fyrste båten i sin klasse som har segla løpet og fullført, vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

16. Regattakontor og protestar

16.1 Regattakontoret er i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:
Fredag 18. september: 18.00–19.00

Laurdag 19. september kl. 08.30–09.15

Sundag 20. september kl. 08.30–09.15

Etter seglasane er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen.

16.2 Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten for det aktuelle baneområdet kjem til kai i Anglevik. Det vert sett opp oppslag om protestfrist på oppslagstavla.

16.3 Protestskjema kan hentast på regattakontoret. Protestar og søknader om godtgjersle eller gjenopning skal leverast same stad innan protestfristen.

16.4 Meldingar om innkomne protestar, eller protestar frå regattakomiteen eller juryen, vert slått opp på den offisielle oppslagstavla, tilliks med informasjon om når høyring vil skje. Høyringar vil skje i Ranheim.

17. Poengsystem

17.1 Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta.

17.2 Dersom det vert gjennomført 1-3 løp vil alle løpa telja i ein båt sitt samanlagtresultat.


Ved 4-7 gjennomførte løp vert det dårlegaste resultatet stroke frå samanlagtresultatet.

Ved 8-10 gjennomførte løp vert dei to dårlegaste resultatata strokne frå samanlagtresultatet.

18. Tryggleiksreglar

18.1 Ein båt som trekkjer seg frå ein seglas skal orientera regattakomiteen om dette så snart som mogleg.

19. Komitebåtar

19.1 Komitebåtar vil føra gult  flagg.

20. Radiokommunikasjon

20.1 Unntatt i ein nødsituasjon skal ein båt verken senda radiomeldingar medan han kappseglar eller motta radiomeldingar som ikkje er tilgjengelege for alle båtane. Denne restriksjonen gjeld óg mobiltelefonar.

21. Tracking

21.1 Arrangøren legg opp til tracking av regattaen via trackingsystemet RaceQs. Alle deltakarbåtar vert difor oppmoda om å lasta ned app'en RaceQs og køyra denne under seglasane. Sjå nærare skildring av korleis dette fungerer på nettsidene til regattaen.

22. Premiering

Premieutdeling finn stad i Anglevik så snart som råd etter at sundagens seglasar er avvikla og eventuelle protestar handsama. Det vert 1/3 premiering til kvar båt i kvar klasse.

23. Formidling og annan informasjon

23.1 Resultat og multimedia vert fortløpande publisert på regattaen sine nettsider.

23.2 Sjå elles invitasjonen og regattaen sine nettsider for informasjon om parkering, sjøsetjing, hamn, overnatting og sosialt program.

23.3 Spørsmål kring regattaen kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39).

God seglas!





Løp:

Start-1b-port-1b-mål



Start/port/mål

